



## **Saksliste med tilråding Representantskapsmøte 2019**

### **01/19: Oppteljing av representantskapsmedlemmar**

#### Tilråding:

Dei frammøtte utsendingane frå fylkeskommunen og kommunane vert godkjent som representantar. Det møter utsendingar frå \_\_ eigarar som representerer \_\_ % av eigardelane. Kravet er minst 19 utsendingar som representerer 2/3 av eigardelane. Møtet er såleis lovleg sett.

### **02/19: Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innkallinga og saklista vart sendt eigarane i e-post 26.03.2019.

#### Tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

### **03/19: Val av to til å føre møteprotokoll**

Val av to til å føre møteprotokoll.

#### Tilråding:

Val av to til å skrive under møteprotokollen saman med leiar i representantskapet.

### **04/19: Orienteringssaker frå selskapet**

#### Tilråding:

Representantskapet tek orienteringa til vitande.

### **05/19: Årsmelding 2018**

#### Tilråding:

Felles vedtak vert gjort i sak 6/18.

### **06/19: Regnskap 2018**

#### Tilråding:

Årsmelding og regnskap med revisjonsmelding for 2018 vert godkjent. Mindreforbruk på kr. 214 574. blir lagt til disposisjonsfondet.

### **07/19: Endring av finansieringsmodell**

#### Tilråding:

Modell nummer 3 for eigartilskot med følgjande intervall vert vedtatt:

20 kr for > 20000 innbyggjarar  
22,5 kr for > 5000 innbyggjarar  
32 kr for < 5000 innbyggjarar  
4,7 kr for fylkeskommunen

### **08/19: Overordna mål og retningslinjer for drifta – «Handlingsprogram IKAMR - årsbudsjett 2019 - økonomiperioda 2019-2022»**

#### Tilråding:

Handlingsprogram IKAMR - årsbudsjett 2019 - økonomiperioda 2019-2022 vert godkjent.

**09/19: Rammer for låneopptak og tilskot frå deltakarane**

Tilråding:

Endring i ramme for låneopptak til kroner 4 000 000. Kontingenten vert regulert i samsvar med endring i folketal og den kommunale deflatoren.

**10/19: Justering av selskapsavtalen**

Tilråding:

Framlagt forslag til Selskapsavtale gjeldande frå 01.01.2020 vedtas.

**11/19: Godkjenning av protokoll**

Tilråding:

Protokoll godkjent.